



Ole Andre Moberg
Lurevegen 1431
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3003 - 16/27031

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
29.09.2016

Løyve til nybygg/tilbygg - gbnr 58/6 Lygre indre

Administrativt vedtak. Saknr: 471/16

Tiltakshavar: Ole Andre Moberg
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av frittstående nybygg (lager/høytørke) med bygd areal (BYA) ca. 210m² og tilbygg eksisterande driftsbygning med bygd areal (BYA) ca. 66 m².
Det vert elles vist til søknad motteken 22.09.2016.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 22.09.2016 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane , Lurefjorden og Lygre er definert som LNF .

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå landbrukskontoret datert 20.09.2016, som uttaler at «heimelshavar har landbruksdrift på garden og tiltaka er knytt til drifta. Tiltaka er såleis i tråd med planformålet i kommuneplanen».

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Plassering



Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 22.09.2016.

Vatn og avløp (VA)

Nybygg og tilbygg har ikkje innlagt vatn.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Lager/høytørke vil få tilkomst på eksisterande landbruksveg.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av frittstående nybygg og tilbygg driftsbygning på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 22.09.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3003

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av det frittstående nybygget må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ole Andre Moberg

Lurevegen 1431 5912

SEIM